

**PROTOKOLL FRÅ UNGDOMSTINGET BJØRGVIN
BISPEDØME, ST JAKOK KYRKJE, BERGEN 17-19
april 2015:**

UT 01/15: Konstituering og godkjenning

Val av dirigentar, referantar og tellekorps

Dirigentar: Nora Baartvedt og Morten Habbestad

Referent: Inge W. Økland

Tellekorps: Torfinn Wang og Morten Hem

Protokollunderskrivarar: Jenny S. T. Torsvik og John Bertin Hellerslien

Innkalling og saksliste vart godkjend

UT 02/15: Orienteringssaker

2.1 Årsmelding og orientering frå leiar i ungdomsrådet vart teken til orientering (Vedlegg 1)

UT 03/15: Det det gjer mot dei av mine minste... gjer de også mot meg

Dokumentet vart revidert og godkjend (Vedlegg 2)

UT 04/15: Kven kan misjonere? Det kan du!

Dokumentet vart revidert og godkjend (Vedlegg 3)

UT 05/15: Kvardag og fest. Når er du eigentleg kristen?

Dokumentet vart revidert og godkjend (Vedlegg 4)

UT 06/15: Fast tidspunkt for Ungdomstinget

Det vart bestemd at Ungdomstinget i åra som kjem skal bli arrangert helga i veke 10

UT 07/15: Val av representantar til Ungdomsrådet i Bjørgvin og valnemnd

Desse vart vald inn i rådet:

John-Bertin Hellerslien (JB). St. Jakob. 1 år.

Marte Elise Eide. Stord. 2 år

Jenny S. T. Torsvik. Fjell kyrkjelyd. 1 år.

Lisa Hjortland. Åsane kyrkjelyd1 år.

Lars Jakob Flatekvål – Voss kyrkjelyd. 2 år

Tove Anine Myhre Nielsen. Sveio. 2 år.

Runar Larsen, Sveio kyrkjelyd, vert sitjande eitt år til

Første vara: Sunniva Hadland Bøthun. Os kyrkjelyd. 1 år

Andre vara: Jon-Hallvard Bagge. Åsane kyrkjelyd. 1 år

Valnemd

Nora Baartvedt og Inge W. Økland

Referent: Inge Wilhelm Økland

John Bertin Hellerslien

Jenny S. T. Torsvik

Vedlegg 1

UT 02/15 Orienteringsaker

Leiar la fram årsmelding og orientering om Ungdomsrådet (UR) sitt arbeid det siste året.

Ungdomsrådet 2014/2015 har bestått av:

Nora Baartvedt, leiar (Voss)

Morten Habbestad, nestleiar (Stord)

John Bertin Hellerslien (Bergen Domkirke menighet)

Marte Elise Eide (Stord)

Runar Larsen (Sveio)

Vara:

Arne Johann Tårnes (Nyseter)

Sunniva Hadland Bøthun(Os)

Inge Wilhelm Økland (Bergen)

Ungdomsrådet (UR) har i 2014/2015 hatt 7 møter.

Ungdomsrådet har dette året jobba med å få betre kontakt med sokna. Det har også vore arbeid med eit forslag om endring av ungdomsbetegnelsen i kyrkja som skal sendast til UFUNG. Den saka Ungdomsrådet har jobba mest med, er promovering og gjennomføring av UT. UR laga ein promoveringsfilm for å auke oppslutninga på UT. I dette arbeidet har blant anna internett vore i bruk for å nå ungdommen, og Facebook.

Ungdomsrådet var representert på UKM 2014, ungdomens kyrkjemøte i Tunsberg.

Vedlegg 2

UT 03/15: Det det gjer mot dei av mine minste... gjer de også mot meg

Nestekjærleik er blant bærebjelkane i kristen tru. Den kristne nestekjærleiken har sitt opphav i Gud. Gud viser sin kjærleik mot oss, og ber oss vise kjærleik mot nesten vår. Ungdomstinget ønskjer at kyrkja kontinuerleg jobbar med korleis den lokale kyrkjelyden kan vise nestekjærleik overfor ungdom i lokalmiljøet, og skape trygge miljø kor ungdom får delta og vekse.

Ungdomstinget ønskjer at ungdom blir involvert i utforminga av dette arbeidet.

Ein viktig del av kyrkjas praktisering av nestekjærleik er å få ungdom til å føle seg sett, verdsett og inkludert i kyrkja. For å få dette til meiner Ungdomstinget at kyrkja må prioritere tid og ressurser til å bygge relasjoner mellom leiarar, frivillige og ungdomane. Derfor vil vi oppfordre kyrkjelydane til å skape trygge miljø for ungdom der det òg er lagt til rette for å kunne samtale om dei vanskelege tinga i livet. Kyrkjelydane må prioritere å ha vaksne personar, frivillige eller tilsette, som er til stades på ungdomsarrangementene. Desse personane må ungdomen kunne ha tillit til, og dei må kjenne ungdomane og miljøet. I tillegg bør kyrkja gjere kjent samtaletilbod som finst, til dømes Kirkens SOS.

Ungdomstinget oppfordrer òg til nytenking rundt kva kyrkjas omsorgsarbeid blant unge kan vere. Særleg gjeld dette blant ungdom som ikkje har andre tilbod, eller som har særlege utfordringar i liva sine. Nokre kyrkjelydar har til dømes lavterskeltilbod på kjøpesentre (T.d. Basecamp på Sotra, DUÅ i Loddefjord). For å lukkast i dette arbeidet vil me vidare oppfordra til samarbeid med andre sektorar i kommunen (Politiet, Barnevernet).

Sosiale medier er ein viktig del av kvardagen til dagens ungdom. Desse nye arenaene skapar nye utfordringar for praktisering av nestekjærleik. På desse stadene kan nokre føle seg isolerte, mobba og møta andre vanskeligheter. Me utfordrar kyrkja til å vera oppdatert på utfordringane som ungdom møter der. For å vera oppdatert bør kyrkjelydane ha dialog med ungdomane, og jamnleg arrangerar samlingar/samtalar med organisasjonar som t.d. Barnevakten.

Ungdomstinget 2015:

- utfordrar kyrkja til å prioritere tid og ressursar til å byggja relasjonar mellom leiarar og ungdommar.
- oppmodar til nytenking rundt måtar å drive omsorgsarbeid blant ungdom.
- utfordrar kyrkja til å vera oppdatert på, og gje vegleiing om, korleis ein kan visa kristen nestekjærleik på sosiale medier.
- Me utfordrar Ungdomsrådet til å utforme «10 Instabud», som kan vere hugsereglar for kristen nestekjærleik på nett.
- Oppmodar Ungdomsrådet til å lage ein kampanje om nestekjærleik på sosiale medier

Vedlegg 3

UT 04/15: Kven kan misjonere? Det kan du!

Kva er misjon?

«Eg har fått all makt i himmelen og på jorda. Gå difor ut og gjer alle folkeslag til læresveinar: døyp dei til namnet åt Faderen og Sonen og Den Heilage Ande og lær dei å halda alt det som eg har bode dykk. Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står.» - Matteus 28, 18.20

Foreldra er den første barnet knytta seg til, og ved byrja tidleg og gi ein påvirkning før barnet byrjar å få påvirking av andre menneske og samfunnet. Foreldra trenger få reiskap til å undervisa og læra barnet de grunnleggande sannhetene i kristendommen fra barnet er født. Dette kan kyrkja bidra med.

Kvart kristent menneske skal leva ut sin kristendom i sitt yrke og sin kvardag. Vi må ikkje gløyma at menneska som enno ikkje har høyrt om Jesus, må få høyra om Han. Vi har ansvaret til å forkynne og gi vidare evangeliet til alle menneske. «Vi som har evangeliet må gi til dei som ikkje har evangeliet». Vår oppgåve som kristne er å be, gi av vår tid, penger og kjærlighet slik dei som Gud kallar på får mulighet til å gå ut og misjonære til menneske som ikkje har høyrt om Jesus.

Foreldra bør gjennomføra det dei har lova i dåpen. Foreldra må lære dei og be, og byggje ein basis for den kristne trua resten av livet. Presten bør kalla inn foreldra til dåpsbarnet for å hjelpe dei og gje vidare kjennskap til Jesus. Og for å gje dei hjelp til å legge eit grunnlag for den kristne tru og å føre barnet inn i det kristne fellesskapet. Forledra bør læra og brukta nattverda og ta til seg Guds ord. Foreldra til barnet kan vera med i kyrkja og få informasjon om kva barnet går igjennom i konfirmasjonstida.

Vi er alle kalla til å spreie evangeliet om Jesus. Vi ønskjer å skape større engasjement rundt misjon i Noreg og i verda. Vi vil involvera ungdommen i det organiserte arbeidet. Vi ber om at kyrkja skal få meir kunnskap og kjennskap til misjon. Vi ønskjer at ungdommen aktiviseres meir inn i misjonsarbeidet og får meir kunnskap om det som er behova i dei forskjellige folkegruppene.

UT 2015 oppfordrer:

- konfirmantlærarar og leiarar i barne- og ungdomsarbeid til å undervisa meir om misjon
- UR til å vera meir misjonerande og årvaken for misjon i kyrkja, og samfunnet
- ungdom til å vera meir open for å snakke saman om eigen tru
- Den Norske Kyrkja til å formidle sin eigen kunnskap om misjon
- Kyrkja til å integrera meir kunnskap om misjon knytt til fasteaksjonen og andre arrangement

Vedlegg 4

UT 05/15: Kvardag og fest. Når er du eigentleg kristen?

Det er bra å ha kritiske meiningar og spørsmål, sjølv til Gud, elles kan det fort bli at me fylgjer etter mennesket og ikkje etter Gud. Kunnskap om tru er viktig. Det er viktig å vera i eit kristen miljø då du får eit kristeleg ”påfyll” og du kan vera open og bli meir sikker på trua di.

Me har alle ulik verdssyn, og det kan vera vanskeleg å visa til andre at ein er kristen når nokon viser at dei er imot religion, eller stiller kritiske spørsmål som er vanskelege å svare på.

Har me det for godt, slik at me føler at me ikkje treng Gud? UT2015 trur at det er fleire som føler at Gud berre ser deg når du gjer noko gale, men me meiner at han er med deg uansett.

Ungdomstinget oppfordra

- Vil oppfordre alle kristne til å utøva, og vera stolt over den kristne trua overalt, med respekt ovanfor andre
- Vil oppfordra alle kristne til å oppsøkje kristne fellesskap
- Vil oppfordre alle til å vera seg sjølv, og visa respekt overfor deg sjølv og for andre
- Vil oppfordre kyrkjeloge tilsette til å samtale om tru, og viktigheita av å vere åpen og ærleg om seg sjølv og om trua
- Vil oppfordre alle kristne (og andre) til å ha Jesus som førebilete og fylgja etter han
- Vil oppfordre alle kristne til å gjere seg kjend med Bibelen